

## Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	09/2021	Arkiv nr.:		Møtedato:	15.03.21
Saksbehandlar:	Magny Hilde				

### Referat og meldingar..

- A. 210213 E-post frå Luster austre fjellstyre. Beiting av tamrein. 210217 Svar frå Lom tamreinlag - Rein i grenseområdet på Sognefjellet. 210219 Frå Luster Austre. Invitasjon til møte. Kart
- B. 210218 Delegert vedtak - Jotunheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel - Øvingsplan 2021-2023 - Lom og Bøverdalen Røde Kors Hjelpekorps
- C. 210219 Delegert vedtak - Breheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel snødekt mark - Øvingsplan 2021-2023 - Lom og Bøverdalen Røde Kors Hjelpekorps
- D. 210301. Kopi av e-post frå Skaihø viltområde til Lom kommune. Høring av minsteareal for hjort og elg.
- E. 210222- E-post til Christian Vole. Grunneigars løyve til motorferdsel.
- F. 210301- Brev til Breheimen nasjonalparkstyre. Uttale til skjøtselsplan i Høydalen LVO.

Sak nr.:	10/2021	Arkiv nr.:	046.1	Møtedato:	15.03.2021
Saksbehandlar:	Magny Hilde				

### Godkjenning av Årsmelding 2020 for Lom fjellstyre.

Sakspapir:

- Årsmeldinga for 2020 for Lom fjellstyre.

Årsmeldinga vart gjennomgått og kommentert av dagleg leiar og sekretær.

### Forslag til vedtak:

Årsmeldinga 2020 vert godkjent.

Vedtak:

Som framlegget. Samrøystes.

Årsmeldinga sendt til:

- Kommunestyret, Lom kommune.
- Statskog SF
- Lagt ut på fellesområdet til fjellstyra på intranettet.
- Innlandet Revisjon

## Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	11/2021	Arkiv nr.:	123	Møtedato:	15.03.2021
Saksbehandlar:	Magny Hilde				

### Godkjenning av årsrekneskap 2020 for Lom fjellstyre.

Sakspapir:

- Rekneskap for 2020 for Lom fjellstyre.

Rekneskapen vart gjennomgått og kommentert av dagleg leiar og sekretær.

I brev av 8.11.2018 frå Innlandet Revisjon er det presisert at rekneskapen, og også årsmeldinga, må vere signert av heile fjellstyret og dagleg leiar før revisor kan skrive revisjonsmelding. Derfor er rekneskapen ikkje ferdig revidert.

### Forslag til vedtak:

Rekneskap 2020 for Lom fjellstyre vert godkjent.

Vedtak:

Som forslaget. Samrøystes.

Kopi av rekneskapen går til:

- Kommunestyret, Lom kommune.
- Statskog SF
- Innlandet Revisjon

Sak nr.:	12/2021	Arkiv nr.:	145.4	Møtedato:	15.03.2021
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

### Uttale til søknad om midlar frå grunneigarfondet. Bygging av gjødsellager på Nordseter.

Sakspapir:

- E-post frå Statskog SF sendt 19.02.2021 med kopi av søknad frå Torstein Frisvold.
- Rundskrivsamling til fjellstyrepermen 2019-2020 – *Grunneierfondet – behandling og prioritering av søknader.*

### Saksutgreiing:

Statskog har i e-post sendt 19.februar bede om fjellstyret si uttale til søknad frå Torstein Frisvold om tilskot frå grunneigarfondet til bygging av gjødsellager på sin dyrkingsparsell med festenummer 157/1/66 i Vårdalen statsallmenning.

I søknaden går det fram at prosjektet er tenkt som eit fellestiltak i saman med to andre som har tilleggsjord i same område, Vegard Haugen og Sylfest Ødegard. Alle saman har eit stort behov for bruk av husdyrgjødsel på sine dyrkingsparsellar, og disponerer til saman eit areal på om lag 250 dekar.

## Møtebok – Lom fjellstyre

Det er i søknaden gjort greie for kostnader ved tiltaket, som totalt vil kome på om lag kr. 230.000.

### **Opplysningar og merknader:**

Bruk av midlar frå grunneigarfondet til tiltak skal vera i tråd med fjellovas § 12. Etter vedtak i Statskog SF's styre kan ein dele tiltaka i 3 hovudgrupper:

- A. *Bidra til lønsam næringsverksemd/vidareutvikle eksisterande arbeidsplassar*
- B. *Infrastruktur som indirekte bidreg til utvikling av lønsame arbeidsplassar*
- C. *Tiltak som inneber verdiskaping eller bevaring av verdier av samfunnsmessig art, eksempelvis kulturminnevern*

Med «*næringsutvikling*» er det meint aktivitet som direkte bidreg til å skape nye arbeidsplassar, og vidareutviklar eksisterande arbeidsplassar. Det er ein føresetnad at arbeidsplassane skal vera varige og utan behov for nye tilskot frå denne ordninga.

Med «*infrastrukturtiltak*» er det tenkt tiltak som normalt ikkje er knytt til ei enkeltbedrift eller bedriftsgruppe. Eksempel på slike tiltak kan m.a. være fellestiltak for landbruk, skogbruk og reindriftsnæring knytt til statsallmenning. .

Med «*verdiskaping eller bevaring av verdier av samfunnsmessig art*» er bevaring av ulike kulturminner eksemplifisert, men retningslinjene frå Statskog SF seier at det og bør være åpna for å tolke inn andre tema under dette punktet. Det går fram at oppstillinga av eksempel ikkje skal sjåast på som uttømande.

Tiltaket vil være med å styrke næringsgrunnlaget og bidrage til å vidareutvikle eksisterande arbeidsplasser som er direkte knytt til statsallmenningen. Ved eit samarbeid i mellom fleire kan det reknast som eit infrastrukturtiltak, eller eit fellestiltak for landbruk knytt til statsallmenningen. Prosjektet bør være godt kvalifisert til å få støtte frå grunneigarfondet.

Det har ikkje vore søkt om og såleis ikkje vorte gjeve løyve frå fjellstyret til tiltaket, men plasseringa var synfara på ei felles synfaring med kommunen og Statskog SF attende i 2018, utan at det vart teke noko vidare avgjerd i saka.

### **Uttale frå fjellstyret:**

Fjellstyret er positive til eit samarbeid om felles gjødsellager på Nordseter og meiner at tiltaket kvalifiserer til tilskot frå Grunneigarfondet.

Tiltaket vil styrke eksisterande arbeidsplassar og er i tillegg eit fellestiltak som vil kome fleire til gode.

Samrøystes.

Utskrift går til:

- Statskog SF

# Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	13/2020	Arkiv nr.:	145.4	Møtedato:	15.03.2021
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

## **Leir- og Bøverdalen statsallmenning. Uttale til søknad om midlar frå grunneigarfondet. Ladestasjon for el-bilar på Juvasshytta 155/1/56.**

### Sakspapir:

- E-post frå Statskog SF sendt 19.02.2021 med kopi av søknad frå Juvasshytta
- Rundskrivsamling til fjellstyrepermen 2019-2020 – *Grunneierfondet – behandling og prioritering av søknader.*

### **Saksutgreiing:**

Statskog har i e-post sendt 19. februar bede om fjellstyret si uttale til søknad frå Juvasshytta om tilskot frå grunneigarfondet. Det er søkt om tilskot til bygging av ladestasjon for el-bilar på Juvasshytta.

I søknaden er gjort greie for at om lag 35 000 bilar nyttar vegen i løpet av ein sesong og at dei ynskjer å legge til rette for ein aukande andel el-bilar. Det er det planlagd tre ladesøyler med to uttak på kvar søyle, totalt 6 ladepunkt.

Prosjektet er kostandsrekna til kr. 227 525.

### **Opplysningar og merknader:**

Bruk av midlar frå grunneigarfondet til tiltak skal vera i tråd med fjellovas § 12. Etter vedtak i Statskog SF's styre kan ein dele tiltaka i 3 hovudgrupper:

- D. Bidra til lønsam næringsverksemd/vidareutvikle eksisterande arbeidsplassar*
- E. Infrastruktur som indirekte bidreg til utvikling av lønsame arbeidsplassar*
- F. Tiltak som inneber verdiskaping eller bevaring av verdier av samfunnsmessig art, eksempelvis kulturminnevern*

Med «*næringsutvikling*» er det meint aktivitet som direkte bidreg til å skape nye arbeidsplassar, og vidareutviklar eksisterande arbeidsplassar. Det er ein føresetnad at arbeidsplassane skal vera varige og utan behov for nye tilskot frå denne ordninga.

Med «*infrastrukturtiltak*» er det tenkt tiltak som normalt ikkje er knytt til ei enkeltbedrift eller bedriftsgruppe. Eksempel på slike tiltak kan m.a. være fellestiltak for landbruk, skogbruk og reindriftsnæring knytt til statsallmenning. .

Med «*verdiskaping eller bevaring av verdier av samfunnsmessig art*» er bevaring av ulike kulturminner eksemplifisert, men retningslinjene frå Statskog SF seier at det og bør være åpna for å tolke inn andre tema under dette punktet. Det går fram at oppstillinga av eksempel ikkje skal sjåast på som uttømande.

### **Uttale frå fjellstyret:**

Fjellstyret meiner at tiltaket ikkje kvalifiserer til støtte frå grunneigarfondet. Samrøystes.

# Møtebok – Lom fjellstyre

Utskrift går til:

- Statskog SF

Sak nr.:	14/2021	Arkiv nr.:	613.0	Møtedato:	15.03.21
Saksbehandlar:	Magny Hilde				

## Justering av småviltjaktkort.

Sakspapir:

- Fjellova.
- Forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning, § 13 Prorammer, sist endra 01.04.2016
- Fjellstyresak nr. 40/2017

## Saksutgreiing:

Jaktkortprisane for jakt på småvilt i statsallmenningen vart justert siste gongen før sesongen 2018.

Gjeldande prisar og korttypar for småviltjakt frå 01.04.2018 har vore:

Korttype	Innanbygds u/hund	Innanbygds m/hund	Utanbygds u/hund
1-døgn, frå 30.09	100	150	200
5-døgn	400	500	800
Sesong	500	600	1000

Utanbygdsbuande med hund, vekeskort, i perioden 15.-28.9.

Harejakt m/hund for utanbygdsbuande frå den 11.10. og ut sesongen (23.12. m/hund): kr 1000, og frå den 21.10. og ut sesongen kr 750. (Regulert periode 11. – 20.10.)

Utanbygds jegerar som vert tildelt jakt i den regulerte perioden, 15. – 29.9., kan løyse sesongkort til halv pris, altså eit tillegg på kr 500 til prisen på 5 døgncortet, dersom dei ynskjer å løyse sesongkort etter den regulerte perioden.

Sesongkort for jakt med hund gjeld også for jakt utan hund i månadene januar og februar (innanbygdsbuande og utanbygds harejegerar).

Rovviltjaktkort kr 50,-.

Det er sett på prisnivået i andre område som det er naturleg å samanlikne seg med. Vågå har justert sine prisar i 2020/2021 og ligg på kr 900 for 5-døgncort u/hund og kr 1000

## Møtebok – Lom fjellstyre

med hund. Skjåk ligg på kr 950 u/hund og kr 1250 m/hund. Dovre har same pris med og utan hund, kr 1130 for 5 døgn. Heidal brukar kr 800 u/hund og kr 1100 m/hund.

Miljødirektoratet fastset prisrammene for fiske, småviltjakt og villreinjakt i statsallmenning, og fylgjande prisrammer gjeld for kortprisar på småviltjakt og fiske for utanbygdsbuande fram til 31. mars 2021:

*Småviltjakt og fangst:*

*Dagskort/døgnkort kr 250,-/ 5 dagars kort kr 1000,-/ Vekekort kr 1400,-/ Sesongkort kr 2300,-*

*Prisen på småviltjakt og villreinjakt for utenbygdsboende kan overstige prisen for innenbygdsboende med inntil det dobbelte.*

Miljødirektoratet vil fastsetje nye prisrammer frå 01.04.2021. Vi treng å fastsetje nye prisar før desse er klar.

### Forslag til vedtak:

Lom fjellstyre vedtek desse prisane for småviltjakt i Vårdalen, Visdalen og Leir- og Bøverdalen statsallmenning gjeldande frå 01.04.2021:

Korttype	Innanbygds u/hund	Innanbygds m/hund	Utanbygds u/hund
1-døgn, frå 30.09	150	200	250
5 døgn	500	550	1000
Sesong	600	700	1200

Utanbygdsbuande med hund kr 1200, vekeskort, i perioden 15.-28.9.

Harejegerar kr 1000,- i perioden 11.10.-23.12.

Ordninga med halv pris for sesongkort for jegerar med kort i regulert periode utgår.

Rovviltjaktkort kr 50.

Vedtak:

Som forslaget. Samrøystes.

Utskrift går til:

- Lom vilt- og innlandsfiskeremnd, til orientering
- Lom jeger- og fiskerforening v/Jørgen Vole

# Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	15/2021	Arkiv nr.:	111.1	Møtedato:	15.03.21
Saksbehandlar:	Magny Hilde/Åsmund Galde				

## Tilleggssak. Budsjettjustering. Auke i avsetning til tilskot frå fjellkassa.

### Sakspapir:

- Rekneskap Lom fjellstyre 2020
- Fjellstyresak 36/2020
- Justert budsjett 2021

### Saksutgreiing:

Lom fjellstyre har eit solid overskot på over kr 500.000 i 2020. Dette skuldast både reduserte kostnader og auka inntekt. Fjellstyret hadde reduserte personalkostnader på grunn av redusert bemanning sommaren 2020, eit resultat av usikkerheit om følgene av koronasituasjonen. Likevel vart det auke i tenestetal til både SNO og NVE, og ein relativt stor auke i hytteutleige.

Ein del av dette overskotet kan vere riktig å setje av til tiltak i allmenningen eller allmennyttige tiltak. Dette kan vere til nødvendig vedlikehald av vegar eller bruer, eller andre ting som er til fellesskapets beste.

For at desse ekstra midlane skal gjerast kjent, må det annonserast i lokalavis i tillegg til på eiga heimeside. Dette vil også vere eit viktig bidrag til å synleggjere kva fjellstyret gjer, og kva det betyr for lokalsamfunnet.

Fram til nå har tilskotsakene vore behandla på julemøtet. Siste åra har det vore få søknader. Kanskje kan det være betre å flytte søknadsfristen til våren, nærmare barmarksesongen, med behandling seinast i juni møtet.

### Opplysningar og merknader:

I budsjettbehandlinga i sak 36/2020 vart det sett av kr 100.000 til fjellkassa, kr 50.000 av desse er øyremerka til tilskot til fellesdrifter/beitelag. Avsett sum har vore uforandra i fleire år.

### Forslag til vedtak:

Fjellstyret budsjetterer med kr 100.000 i ekstra avsetning til fjellkassa.

Total avsetning for bruk i 2021 blir kr 200.000. Kr 150.000 av desse kan løyvast og utbetalast i vårhalvåret, med søknadsfrist 1. mai.

### Vedtak:

Som forslaget.

Samrøystes.

### Utskrift går til:

- Rekneskapsføraren – som e-post

# Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	16/2021	Arkiv nr.:	642.2	Møtedato:	15.03.2021
Saksbehandlar:	Magny Hilde				

## PRISAUKE OG MINDRE JUSTERING AV AVTALE OM FISKEKORT JOTUNHEIMEN.

### Sakspapir:

- Sak nr. 16/2017 i Lom fjellstyre. Samarbeidsavtale om felles fiskekort.
- Revidert avtale 2021

### Saksutgreiing:

Fjellstyret for Luster austre statsallmenning, Vågå fjellstyre og Lom fjellstyre inngjekk i 2010 ei samarbeidsavtale om felles fiskekort for Jotunheimen. Målet var å gje gjester på vandring i Jotunheimen eit betre tilbod, eit felles kort for heile området. Kortet gjeld berre for stong og handsnøre.

Siste prisjustering på kortet var i 2017. Det bør vere ny prisauke for sesongen 2021, og vi foreslår ein auke på 6,5 % som er auken i konsumprisindeksen 2017-2020.

Det vil vere praktisk om administrasjonen får fullmakt til å auke prisen årleg med inntil konsumindeksen, men innanfor gjeldande prisrammer.

Jotunheimenkortet er berre tilgjengeleg på Inatur, der kunden kan hente ut kart over gjeldande område. Derfor ønskjer vi å fjerne setninga: *Kart over gjeldande område skal følge kortet.*

Administrasjonen i Lom fjellstyre ønskjer dermed å legge til to punkt i gjeldande avtale:

### Justering av avtala gjeldande frå 2021:

- Prisen på fiskekorta kan årleg aukast med auken i konsumprisindeksen så lenge ein ikkje overstig gjeldande prisramme.
- Digitalt kart over gjeldande område er tilgjengeleg på Inatur.

### Opplysningar og merknader:

Det er DN som fastset prisrammene for fiske, småviltjakt og villreinjakt i statsallmenning, og fylgjande prisrammer gjeld for fiskekortprisar frå 2016 til 2021: Døgnkort kr. 100,- /vekeskort kr. 350,- / sesongkort kr. 700,-.

I Forskrift for jakt, felling og fangst i statsallmenninger står det: «Når statsallmenning blir slått sammen med andre eiendommer slik at småviltjakt/fisketilbudet blir vesentlig forbedret, kan de fastsatte prisrammer overstiges med inntil det dobbelte. Dersom større utmarkstreknings blir slått sammen til felles kortområder kan fjellstyret med Miljødirektoratets samtykke fastsette særskilt pris på slike felleskort.»

E-post om justering av kortpris og samarbeidsavtale vart sendt til Vågå og Luster Austre fjellstyre den 21.01.2021. Vågå fjellstyre har svart at dei truleg legg det fram som sak i møtet i mars. Frå Luster Austre har vi ikkje fått svar enda.

# Møtebok – Lom fjellstyre

## **Forslag til vedtak:**

Lom fjellstyre godkjenner forslag til revidert avtale for fiskekort Jotunheimen med disse tillegg til avtala frå 2017:

Justering av avtala gjeldande frå 2021:

- Prisen på fiskekorta kan årleg aukast med auken i konsumprisindeksen så lenge ein ikkje overstig gjeldande prisramme.
- Digitalt kart over gjeldande område er tilgjengeleg på Inatur.

Prisen på fiskekort Jotunheimen gjeldande frå 01.04.2021 blir:  
1-døgn kr 95, 3-døgn kr 190, veke kr 320, sesong kr 640.

Avtala er sendt til godkjenning hjå dei andre fjellstyra, og blir gjeldande om ingen fjellstyre går imot.

## **Vedtak:**

Som forslaget.  
Samrøystes.

Utskrift går til:

- Vågå fjellstyre – berre som e-post
- Luster Austre fjellstyre – berre som e-post